

Pressemelding CD-lansering:

Ektvedt- CD for fire hender

Denne CD-en er ei kjærleiks-erklæring til pianoet og til pianokunsten frå ekteparet Inger Johanne og Roar Ektvedt. Ho er farmasøyt og tidlegare eigar av apotek i Knarvik og Mastrevik. Ho er på sin hals ein ivrig pianospelar med mange års utdanning frå Barratt Dues institutt i Oslo. Han er den stødige støttespelaren.

Då dei selde apoteka for nokre år sidan kunne dei sikkert ha brukt pengane på å reisa verda rundt i sorglaust pensjonist-tilvære. Men her slo piano-genet inn. Dei har satsa på å støtta og å kjøpa inn piano og flygel til kommunar og institusjonar hovudsakleg i kommunane her i området vårt. Med åra er det blitt 16 instrument av svært god kvalitet som mogleggjer musisering på høgt nivå.

Musikarar i Nordhordland, Lillehammer og Steigen har no fått tilgang til framifrå instrument. Inger Johanne Ektvedt er eit lysande eksempel på ein ***Musikkens Mesen***, ei som gjennom eigen kjærleik til klaveret gjev oppmuntring og inspirasjon til nye generasjonar.

CD-en ber tittelen ***Sukkertøyfeens dans*** etter eit av dei firhendige stykka. Inger Johanne med sin gavmildhet kan godt samanliknast med eventyrskikkelsen i Nøtteknekker-suiten av Tsjajkovskij.

CD-en blir presentert med konsertar på fleire av instrumenta no framover våren. Først ut er **Sandnes kyrkje, Masfjordnes søndag 22. januar kl 18.** Medverkande er Inger Johanne og Roar Ektvedt, pianist Rune Alver og elevar frå kulturskulen:

- Emil August Reknes Larsen-kornett
- Sanna Kvinge- kornett
- Jenny Sofie Kvinge Hjelmtveit- piano
- songgruppe beståande av Ann-Celin Kvingedal, Karina Totland Rong, Ann Imelda Torsvik og Adelia Kvinge Hjelmtveit, alle i samspel med Rune Alver

Velkommen til ei vakker kveldsstund i Sandnes kyrkje!